



**For dei mange  
– ikkje for dei få**

**SUNNFJORD SV**

**PROGRAM 2023 – 2027**

**Stem SV**

**for små forskjellar, fellesskap, natur og klima**

Innhald:

For små forskjellar, fellesskap, natur, miljø og klima

Politikk for dei mange – ikkje for dei få

Sunnfjord – ein berekraftig kommune

Arbeid, velferd, pleie og omsorg

Oppvekst og inkluderande samfunn

Psykisk helse

Mobbing, utanforskap og førebyggande arbeid

Inkluderande samfunn

Gode og trygge barnehagar

Ein praktisk skule for alle

Kultur – inkludering og kunnskap

Førdehuset

UngdomsHub

Eit senter for handverk og kunst («Jølstrahuset»)

Bustader og gode buområde

Fattigdom og forskjellar

Likestilling og likeverd

Internasjonal solidaritet

Privatisering og profitt

Næringsliv og samferdsel

## For små forskjellar, fellesskap, natur, miljø og klima

SV vil at Sunnfjord kommune skal vere ein kommune med små forskjellar mellom folk. Kommunen og fellesskapet skal ha ansvaret for velferdstilboda, med barnehagar, skular, helse, pleie- og omsorgstenester. SV meiner at dei viktigaste tenestene skal vere nær der folk bur, og SV arbeider for ei god utvikling i alle delar av kommunen, både i tettstadane, i grendene og i byen.

Det er venta svak folketalsvekst i Sunnfjord kommune i tiåra framover. Alderssamansettinga i befolkninga vil endre seg. Vi vil få relativt fleire eldre og færre barn og unge. Det gjev utfordringar i å tilpasse tenestetilboda, både i barnehage, skule, helse og sosial, og i pleie- og omsorgstenestene. Det er heller ikkje grunn til å vente ein styrka økonomi sjølv om SV på Stortinget jobbar for å betre kommuneøkonomien. Det vil vere behov for å prioritere både på drift og investeringar.

For å sikre ei god folketalsutvikling er det viktig med gode barnehagar, skular og fritidstilbod for barn og unge i heile kommunen saman med eit rikt kulturtilbod. SV vil arbeide for at Sunnfjord kommune skal ha god førebygging frå barnet er i mors liv. Det er avgjerande at både barnehagane og skulane utviklar seg og greier å bli slik at ingen fell utanfor, og at alle trivast, meistrar, lærer og er inkluderte.

Vi treng gode tiltak for barn og unge som fell ut av skule og som slit psykisk. Vi er kjent med at i vår kommune, som i resten av landet, er det stor auke i tal barn og unge som av ulike grunnar ikkje klarer å vere på skulen på grunn av skulevegring og ufrivillig skulefråvær. Vi kjem til å arbeide for å få på plass gode tenester for denne gruppa.

Sunnfjord kommune må verte ein berekraftig kommune. Det vil seie å drive ein aktiv klimapolitikk for å få ned klimautsleppa, tilpasse seg klimaendringar og sikre naturmangfaldet. Naturøydeleggingar som dumping av gruveslam i Førdefjorden og vindindustri i fjellområde må stoppast.

Vi har blitt ein større kommune og mange opplever stor avstand til der avgjerder vert tekne. SV vil arbeide for å involvere innbyggjarane meir i viktige saker og planar som kommunestyret skal vedta. Vi vil arbeide for aktive ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. SV meiner at alle grender og bydelar bør ha nærmiljøråd slik ein del stader har i dag.

Sunnfjord kommune må ha ambisjonar om å vere ein viktig motor for utviklinga i heile fylket, og i utviklinga bygge på dei styrker kommunen har innan næringsliv, idrett, kultur og friluftsliv.

SV vil gjennomføre jamlege dialogmøte med organisasjonar knytt til både arbeid, miljø, næring og kultur.

## Politikk for dei mange – ikkje for dei få

- SV vil ha **ein politikk for dei mange** – og ikkje for dei få. SV vil ha små forskjellar, ei rettferdig fordeling, og meir demokrati. Små forskjellar gjev betre folkehelse, større verdiskaping og gode fellesskap.
- SV vil at **menneske og miljø må gå føre profitt**. SV vil ha profitfri velferd.  
SV vil arbeide for at vår kommune skal ha **god førebygging** og gode tiltak for barn og unge som fell ut av skule og som slit psykisk.
- SV vil at **fellesskapet skal ha kontroll over bruken av naturressursane**. Det vil vere avgjerande for verdiskaping og ei god utvikling for alle. Velferd og naturressursar skal tene alle, ikkje gi fortene til dei få.
- SV vil ha **busetting og levande lokalsamfunn i alle deler av kommunen**.
- SV vil ha eit **velordna og regulert arbeidsliv** med kollektive avtaler, rett til heiltid og eit trygt arbeidsmiljø.
- SV er eit **feministisk parti**. Alle menneske skal ha like moglegeheiter i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsuttrykk.
- SV vil ha eit **sterkare folkestyre**. SV vil involvere innbyggjarane meir og mellom anna ha opne høyringar med organisasjonar og partar i viktige saker. SV vil ha oppgåveutval/prosjektgrupper med politikarar og representantar for organisasjonar/nærmiljø.
- SV vil også ta opp **viktige nasjonale spørsmål** i kommunestyret, som t.d. klimakrisa, artsmangfaldskrisa, flyktningkrisa, fattigdomskrisa og at Noreg skal skrive under på forbod mot atomvåpen.

## Sunnfjord - ein berekraftig kommune

Sunnfjord kommune har ein flott, variert og mangfoldig natur. Kommunen er rik på naturressursar på land, i vassdrag, i fjordane, i skogen og i fjella. Her er eit rikt naturmangfald og biologisk mangfald. Fleire område er verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat.

SV vil bruke naturressursane som grunnlag for både å utvikle næring, og for oppleveling og rekreasjon. Men det er avgjerande å sikre naturmangfaldet og ikkje øydelegge økosistema.

Fleire prosjekt og planar vil gjere Sunnfjord kommune til ein lite berekraftig kommune i framtida, der naturmangfaldet vert redusert og økosistema øydelagde. Det gjeld dumping av gruveslam i Førdefjorden, vindkraftindustri i fjellområda, gondolbane i Kjøsnesfjorden og planar om å bruke mykje natur og matjordareal til vegar, bustader og næring.

Arbeidet med mineralutvinning på Engebø i Vevring er starta opp med øydeleggje av natur, kulturlandskap og utslepp i fjorden. Planane for gruvedrift, dagbrot og utslepp av 250 millionar tonn gruveslam er godkjende. Sunnfjord SV er mot å dumpa gruveslam i Førdefjorden. Naturvernforbundet og Natur og ungdom har gått til sak mot staten for å få kjend utsleppsløyve som lovstridig. Rettane til minerala i Engebøfjellet er heller ikkje endeleg avklart. Høgsterett skal avgjere kven som har rettane til granat-mineralet på vestsida av Engebøfjellet.

Tre selskap (Eviny, Hydro og Zephyr) har saman lagt fram planar for å bygge vindindustri i fjellområda på grensa mellom Sunnfjord kommune og Høyanger kommune. Sunnfjord SV er i mot desse planane fordi nedbygging av natur betyr redusert naturmangfald og klimautslepp. Fjellområda er også viktige som beiteområde og for friluftsliv. For å redusere klimautslepp må det satsast mykje meir på energieffektivisering og produksjon av fornybar energi gjennom flytande havvind, solenergi og opprusting av vasskraftanlegg. Sunnfjord SV vil skaffe seg meir kunnskap om moderne kjernekraft.

Verda opplever både ei klimakrise og ei naturkrise. Verdas land har gjort vedtak om å redusere utsleppa av klimagassar for å hindre at gjennomsnittstemperaturen stig meir enn 1,5 grader. I 2022 vedtok verdas land ei naturavtale om å verne meir natur og restaurere øydelagt natur. Dette vil SV følgje opp med konkrete tiltak i kommunepolitikken i Sunnfjord kommune, mellom anna gjennom arealplanen.

SV vil at all matjord skal vernast gjennom nasjonale krav og lovverk. Det skal berre gjevest dispensasjon ved særleg tunge samfunnsmessige omsyn. Matjord tapar kampen mot vegutbygging, bustad- og hyttebygging og kommersiell handel. SV vil legge til rette for auka produksjon av mat, basert på størst mogeleg grad av lokale ressursar, til dømes beitande dyr i utmark. Vi må styrke matberedskapen, mellom anna gjennom etablering av beredskapslager.

Kommunen bør gjere sine innkjøp av mat i størst mogeleg grad lokalt.

Sunnfjord SV set omsynet til menneske og miljø framfor omsynet til marknadskreftene. Vi vil skape eit samfunn for dei mange – ikkje berre for dei få.

## **SV vil:**

- Arbeide for å få stoppa prosjekt som
  - å dumpa gruveslam i Førdefjorden
  - å kappe Engebøfjellet
  - bygge gondolbane i Kjøsnesfjorden og
  - bygge vindturbinar i Sunnfjord-fjella
- Arbeide for å endre reguleringsplanar der matjord er planlagt nytta til bustader/næring, for å verne matjord.
- Ha ein samfunnsplan og arealstrategi som sikrar verneområda, restaurerer øydelagt natur og sikrar naturmangfaldet og berekrafta i kommunen.
- Ha solceller på kommunale bygningar.
- Prioritere å legge til rette for naturbasert og berekraftig reiseliv.
- Styrke sjølvberginga med å satse særskilt på små og mellomstore bruk og stimulere til andelslandbruk og økologisk/naturvenleg produksjon.
- Initiere til ny satsing på, og rehabilitering av Jølstra som lakseelv.
- Stimulere til produktutvikling med basis i lokal og berekraftig matkultur.
- Stille strenge miljøkrav ved offentlege innkjøp og byggeprosjekt.
- Greie ut løysingar for gjenbruk og reparasjon.

- Ha prosjekt med gratis kollektivtransport som knyter alle deler av kommunen saman. Der det ikkje er grunnlag for faste ruter må det vere eit system med bestillingstransport.
- At ungdom skal få billig/gratis kollektivtransport som går når ungdommen treng det, også om kvelden.
- Lage skulevegen trygg for alle barn, slik at dei kan vere fysisk aktive ute kvar dag. Dette gjer vi ved å lage gangvegar og lyse opp gangfelt.
- Lage eit lokalt klimabudsjett for kommunen med konkrete mål for utsleppskutt.
- Fase ut fossile bensin- og dieselmotorar i kommunen sin eigen køyretøypark. Nye motorar i kommunen skal vere utsleppsfrie motorar.
- At parkeringsplassar i størst grad må vere under bakken og også ha ladestasjonar.
- Sikre etablering av fleire ladestasjonar for elbil.
- At underlag til nye og nyrenoverta leikeplassar ikkje skal vere av plast.

## **Arbeid, velferd, pleie og omsorg**

Gode tenester er avhengig av nødvendig kompetanse og nok folk, som igjen er avhengig av gode lønns- og arbeidsvilkår. Nyskaping og kvalitetsløft innan velferd og tenester skjer best gjennom satsing og samarbeid med kommunens viktigaste ressurs: dei tilsette.

SV jobbar for eit trygt og godt arbeidsliv. Arbeidslivskriminalitet, sosial dumping, uønskt deltid, mellombels tilsettjing og bruk av bemanningsselskap er noko av dei største truslane mot eit trygt og organisert arbeidsliv.

Heile stillingar er viktig for likestilling og fridom for den enkelte. Små stillingsbrøkar gir ikkje grunnlag for bustadlån eller økonomisk uavhengigheit. Sunnfjord SV krev at det vert lyst ut heile og faste stillingar og vil jobbe for ein heiltidskultur i kommunen. SV vil og erstatte bruk av innleige frå bemanningsbyrå med fast tilsette vikarar i kommunen. SV ynskjer å vidareutvikle den kommunale vikarordninga vi har fått i omsorgssektoren. Vi ynskjer å prøve ut liknande ordningar i oppvekst og skule. Sunnfjord SV vil auke grunnbemanninga innan pleie og omsorg. Noko vi meiner vil gje mindre sjukefråvær og mindre vikarbruk.

SV vil prioritere investeringar til utbygging av fleire omsorgsplassar – bustader og sjukeheim i komande periode.

### **SV vil**

- Jobbe for ein heiltidskultur i Sunnfjord kommune.
- Seie nei til bruk av innleige og ja til kommunalt tilsette vikarar.
- Innføre ei prøveordning med 6-timarsdag i barnehage eller sjukeheim, etter samråd med Fagforbundet/Sjukepleiarforbundet/Utdanningsforbundet.
- Ha fleire kommunale lærlingplassar. Alle einingane i kommunen må legge til rette for å ha minst ein lærling kvar.
- Støtte til kommunen sitt sommarjobbprosjekt for ungdom mellom 13-17 år.

- Ta i bruk velferdsteknologi for å gjøre tenestene betre og frigjøre tid til pleie og omsorg.
- Halde fram med å bygge ut fiber i heile kommunen.
- At kommunen lagar planer mot sosial dumping og arbeidskriminalitet, og at det vert stilt klare krav i samband med anbod og innkjøp.
- SV vil ha eit aktivt trepartsamarbeid; politikarar, administrasjon og tillitsvalde.

## Oppvekst og inkluderande samfunn

### Psykisk helse

I Sunnfjord kommune, som i resten av landet, ser vi at stadig fleire unge ikkje møter på skulen. Årsakene til det kan vere samansette, men psykisk helse hos barn og ungdom er truleg ein viktig grunn for dette fråveret. SV ønskjer difor å setje fokus på psykisk helse og førebygging i kommande kommunestyreperiode, og å auke ressursane på dette feltet.

### Mobbing, utanforskap og førebyggande arbeid

Ein trygg barnehage og skulekvardag er sjølve fundamentet for eit godt liv og god læring. Barn som vert utsett for mobbing, fysisk eller psykisk i kvarldagen, eller i sosiale media, vil kunne få store psykiske vanskar, noko som gjer læringsssituasjonen vanskeleg. SV vil ha fokus på arbeid mot mobbing og krenkingar. Vi meiner at dette arbeidet mot mobbing skal vere eit kontinuerleg arbeid. Sunnfjord kommune bør ha eit inkluderande skule- og læringsmiljø som eit lokalt satsingsområde i kommunestyreperioden.

Sunnfjord SV vil arbeide for å styrke bemanninga til PPT i Sunnfjord kommune. Vi trur på det fokuset kompetanseteamet har på tidleg innsats i barnehage og i skule. Det at barnehagane og skulane har tilgang på støtte og rettleiing frå PPT og kompetanseteamet gjev færre skriftlege utgreiingar, betre og meir målretta tiltak der barnet er. PPT er ein svært viktig del av det førebyggande arbeidet med barn og unge.

Ei anna viktig førebyggande teneste er Helsestasjonen. Barndommen pregar deg heile livet, og er med deg i korleis du vil bli som foreldre for dine barn.

SV ynskjer også ei styrking av skulehelsetenesta/barnehelsetenesta i kommunen. Vi ynskjer at helsesjukepleiarane i størst mogeleg grad skal arbeide ute der ungane og ungdommane er. I barnehagane og i skulane. Helsetenesta har god kompetanse på samspel, venneutfordringar, seksuelle overgrep og seksualundervisning. Dette er viktige tema som barnehage og skule treng hjelp og kompetanse på.

### Inkluderande samfunn

Familiar med barn med funksjonsnedsetting treng individuelt tilpassa tenester med stor vekt på brukarmedverknad og samskaping. Familien må sjåast i heilskap, og det må leggast til rette for at alle får leve eit så normalt liv som mogeleg. Der både barnet med funksjonsnedsetting, søsken og foreldre får delta på alle arenaer i samfunnet på

lik linje med andre.

Målet er eit fullt ut inkluderande samfunn der funksjonsnedsetting eller sjukdom hos barn ikkje fører til isolasjon og utanforskap verken for barnet eller resten av familien. For å få dette til må ein sette brukaren/familien i sentrum for å utvikle samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Familiene må få nok hjelp til å få på plass det ein treng for å leve gode liv. Familiene skal leve, ikkje berre overleve. Det inneber nok avlastning til foreldre for å ivareta eiga helse.

## Gode og trygge barnehagar

Sunnfjordbarnehagen er ein god stad å vere for barna våre. Med flinke og kompetente vaksne er barnehagen avgjerande for barna si utvikling, danning og læring.

Barnehagen må arbeide med læring på barn sine premissar. Leik gjev grunnlag for utvikling av gode sosiale ferdigheiter og læring. Rammeplanen er eit godt verktøy for dette arbeidet og må verte implementert i alle barnehagane i kommunen, både kommunale og private. SV vil ha barnehagar med nok vaksne. SV vil ha god samanheng mellom barnehage og skule.

SV meiner at det er kommunen sjølv eller ideelle som skal drifte barnehagane i kommunen.

## Ein praktisk skule for alle

Sunnfjord kommune har gode skular der elevundersøkinga syner at dei fleste trivast og lærer. Elevane gjer det bra på nasjonale prøver og skulen har dugande lærarar og andre tilsette i skulen.

Nasjonale undersøkingar syner at det er stadig fleire som ikkje trivast på skulen, og at ein del fell ut av skulen i ung alder. Fleire unge opplever psykiske vanskar.

Forskarar peikar på at mange mistar tidleg lysta til å lære. Endra oppvekstvilkår og digitalisering kan vere noko av forklaringa. Ein anna viktig forklaring er at den frie leiken er borte som læremåte i småskulen, og at skulen byggjer på ei svært teoretisk tilnærming.

SV er for ein inkluderande fellesskule for å sikre at alle barn får eit godt opplæringstilbod, uavhengig av bustad eller økonomisk bakgrunn. Ein skule som når alle og der alle har ein plass. For å oppnå dette ønskjer Sunnfjord SV fokus på tidleg innsats overfor barn som har ulike utfordringar i skulekvardagen. Tidleg innsats er å løyse problema mens dei er små, i staden for å la dei vekse seg store.

Vi ynskjer ein skule som tek i vare alle, og vil ha fokus på kva ufrivillig skulefråver er. SV ynskjer eit felles løft på området.

For SV er det viktig at alle elevar har like føresetnader for å meistre skulen. Elevane sin sosiale bakgrunn reproduserer ofte sosiale forskjellar. Ein skule utan heimelekser kan jamne ut noko av dette, og SV ønskjer å legge til rette for at elevar får meir tid på skulen til å øve og å få hjelpe av lærarar. Ein slik skule vil kunne prøvast ut lokalt, der kvar skule kan finne sine tilpassingar, og der lærarorganisasjonane og foreldre blir viktige medspelarar. SV jobbar for å ha eit prøveprosjekt på ein skule i Sunnfjord kommune i neste kommunestyreperiode. Der vi prøver ut skule utan heimelekser på ein klasse eller eit skuletrinn.

Den viktigaste ressursen i skulen er læraren, og SV vil lokalt følgje opp vedtaket om lærartettleik.

## **SV vil:**

- Ha fokus på førebygging, tidleg innsats og tiltak.
- Sikre god oppfølging av alle barn frå svangerskap, gjennom dei første åra. Ved å ha nok jordmødrer og helsejukepleiarar i kommunen.
- At barn skal ha ein kvardag prega av fysisk aktivitet, meistring, meinings og glede.
- Styrke skulehelsetenesta og ha fleire utekontaktstillingar for å jobbe førebyggande med ungdom.
- Ha ungdomsklubbar/sosiale møteplassar i heile kommunen.
- Legge vekt på gode samhandlingsprosesser mellom einingar som arbeider med barn og unge.
- Halde fram med kontinuerleg barnehageopptak.
- Ha open møteplass - open barnehage med tilbod for 0-1 år der foreldre og barn kjem saman for å vere i lag og skape nettverk.
- At alle barnehagane skal vere kommunale eller ideelle.
- Ha nok vaksne på jobb i barnehagen heile dagen, også når det er plantid og møte.
- Ha andre yrkesgrupper og faggrupper inn i barnehagen/skulen, for å avlaste og støtte barnehagelærarar/lærarane.
- Gjennomføre forsøk med alternativ organisering og utvida dag med aktivitetar og skulelekser.
- Ha fokus på arbeid mot mobbing. Ein kontinuerleg jobb for å få slutt på alle krenkingar og all mobbing. Eit miljø der alle er inkluderte, fagleg, sosialt og psykisk.
- Legge til rette for at læraren skal ha meir tid til elevane. Fleire lærarar i skulen er målet. Dei som treng særskilt tilrettelegging må få det med ein gong.
- Utvikle skulefritidsordninga til ein aktivitetsskule (forsøksordning).
- Spesialundervisning av faglært personale, nok ressursar og tilpassa behovet til dei som har krav på det.

## **Kultur – inkludering og kunnskap**

Kunst og kultur har mykje å seie for god helse, sosiale fellesskap, inkludering og kunnskap. Levande samfunn treng eit levande kulturliv og gode møteplassar. Sunnfjord SV vil ha eit mangfaldig og inkluderande kulturliv der det skal vere mogeleg for alle å ha tilgang på kunst, kultur og litteratur av høg kvalitet uansett kvar dei bur og kva for bakgrunn dei har.

Sunnfjord SV støttar utvikling av dei lokale kulturelle institusjonane våre som biblioteka, teateret og musea i kommunen. Vi støttar Nynorskhuset, festivalane våre og Fossesenteret i Gauldalen. Vi ynskjer å arbeide for å ruste opp og vidareutvikle Astruptunet, og ynskjer å få plass eit visningscenter der. Sunnfjord kommune er og skal vere ein kunstcommune. SV ynskjer at det skal vere spor av synleg kunst i heile kommunen, både ute og inne.

## Førdehuset

I Sunnfjord kommune manglar vi ein **verkstad** og ein kursstad, ein stad å møte folk i alle aldrar med felles interesser. Folk som bur på hyblar eller i mindre leilegheiter har ofte ikkje plass til praktiske aktivitetar heime. Sunnfjord SV meiner at kommunen bør ha eit tilbod til dei som ynskjer å bruke hendene og skape noko.

Ei gruppe med representantar frå handverk, husflid, kunst, kunstlag, pensjonistlag og Folkeuniversitet har arbeidd med eit prosjekt for å få til ein verkstad. I Førdehuset, i den austre delen av kjellaretasjen, har dei funne eit godt eigna lokale. Her er det både eit verkstadslokale, eit stort rom til kursverksemd og tilgang til lite kjøkken. Ein treng ikkje større ombygging her. Lokala vil ha universell utforming og dermed gje lett tilgjenge for alle. Her vil det også vere plass til andre brukargrupper som til dømes biblioteket og seniornett.

## UngdomsHub

SV vil støtte forslaget om Ungdomshub i Førdehuset der ein både kan få til samlokaliserte tenester til ungdom og utvikle og ivareta dagens aktivitet i Løa. Denne Hub'en kan brukast av ungdom på kveld og andre grupper på dagtid. Berre Dans utan grenser har 300 dansarar og vil ha god nytte av betre øvingslokale.

## Eit senter for kunst og handverk «Jølstrahuset»

Sunnfjord SV vil arbeide for å skape eit moderne, kreativt, innovativt senter for alle, med verkstader, atelier og kurs innan ulike former for handverk og kunstverksemd. Jølstra-huset ved den tidlegare Heimeyrkesskule på Vassenden kan bli eit senter av nasjonal betydning og vil verte eit viktig senter for vår del av Vestland fylke. Jølster har mellom anna rike handverkstradisjonar og ei lang grafikkhistorie med fleire kunstnarar.

Samarbeidspartnarar kan vere Sogn og Fjordane husflidslag og Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Bygget har mange kvalitetar som ein må bygge vidare på. Og som det er vanskeleg å erstatte i eit anna bygg.

Dette er eit prosjekt som må inn i både kulturplan og næringsplan.

## SV vil:

- Gje rom/arena for skapande aktivitetar for folk i alle aldrar når det gjeld musikk, dans, kunst, handverk og litteratur.
- Styrke den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken.
- Styrke kulturskuletilbodet for alle barn og unge i alle deler av kommunen. Arbeide for at det vert meir tilgjengeleg for alle gjennom lågare pris.
- Utvikle ein lokal kulturpolitikk for eldre i institusjonar i samarbeid med institusjonane og dei frivillige.
- Gje plass for profesjonelle skapande menneske innan musikk og kunst.
- Gje større plass for praktisk estetiske fag i skulen.
- Styrke frivillig sektor ved å gje føreseielege rammevilkår.
- Arbeide for at nynorsk språk blir brukt i alle kommunale kontor og offentlege institusjonar.

## Bustader og gode buområde

Alle menneske treng ein stad å bu. Folk skal ha tak over hovudet utan gjeld «opp til taket». Fleire bustadar må bli etablerte utanfor dagens kommersielle bustadmarknad. SV ønskjer å vidareføre og utvikle prosjektet «Leige til eige».

« Leve heile livet», kvalitetsreforma for eldre, fokuserer på at kommunane må ha gode buområde frå du er barn og heilt fram til alderdommen. Det som er bra for 8-åringen er også bra for 80-åringen.

Sunnfjord SV meiner at vi treng bustader som er nær til butikk, til gode møteplassar og som har kommunikasjon dit ein skal.

### SV vil:

- Legge til rette for generasjonsvennlege buområde i tettstadane våre (8 & 80 Samfunn).
- Sikre bustadomter og kommunal bustadbygging.
- Behalde og vidareutvikle det kommunale tomteselskapet og bustadbyggelaget for heile kommunen.
- Legge til rette for rimelege bustader for førstegongsetablerarar og til eldre åleinebuarar.
- Ha god kvalitet på mat til eldre og kjøkkenet nær dei som skal ete maten.
- Gje ein velkomspakke til nye innbyggjarar med informasjon om barnehagar/skular/ledige hus/potensielle arbeidsgjevarar/fritidstilbod osb.
- At Friskus, kommunen sin aktivitetskalender vert utvikla og teke meir i bruk slik at alle som er busett her kan få oversikt over kva som skjer, kor og når.

## Fattigdom og forskjellar

I dag veks det opp over 115.000 barn i Norge i fattige familiar, og talet er aukande. Difor er det spesielt viktig at kommunen fører ein politikk som inkluderer og omfordeler. Fast inntekt og stabilt arbeid er viktig for å kjempe mot fattigdom. Difor må særleg unge som står utanfor arbeid og aktivitet følgjast tett opp.

Mange familiar har store utgifter til barnehage og skulefritidsordningar. SV vil få ned foreldrebetaling og arbeide for at skulefritidsordninga vert gratis .

Mange ungar som har foreldre med därleg råd deltar ikkje på fritidsaktivitetar. SV vil sikre at alle barn får ta del i aktivitetar gjennom å vidareutvikle BUAordninga og Fritidskortet. BUA gjev alle mogelegheit til å låne fritidsutstyr, fleire må få vite om at BUA finst. SV vil jobbe for stabil drift av BUA med auka opningstider og utkøyring av utstyr.

Fleire lag og organisasjonar bør delta i ordninga med Fritidskortet. Ordninga bør utvidast til å dekke dei reelle kostnadane med å delta, og inkludere langtidsutlån av fritidsutstyr og instrument. Slik kan fleire barn få delta på ulike aktivitetar etter interessefelt. SV har fått gjennomslag for at barnetrygda vert halden utanom når sosialhjelp vert utrekna. Dette kjem også barna til gode.

### SV vil :

- At det vert utarbeidd ein kommunal handlingsplan mot familiefattigdom.

- Ha prosjekt på å innføre skulemat i alle barne- og ungdomsskular i kommunen. SV har som mål at alle skal få tilbod om eit måltid kvar dag.
- Utvikle tilbodet om Fritidskort for barn og unge som gir gratis aktivitetar inkludert transport slik at det vert eit tilbod for heile kommune.
- Gratis utlån av fritidsutstyr, også på årsbasis.
- Samarbeid mellom NAV, kommune og bedrifter om kurs og praksisplassar.
- Eit samla tilbod til familiar som strevar, der dei møter ei koordinert og samarbeidande hjelpeteneste (helsestasjon, PPT, NAV, barnevern). Familiar i krise har behov for ein Familiekoordinator som kan hjelpe og jobbe med deira sak.
- Betre tilrettelegging for flyktningar slik at dei får arbeid og deltek fullt ut i samfunnet.
- Auke satsane for sosialhjelp slik at det er mogleg for dei det gjeld å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon.

## Likestilling og likeverd

Kampen for full kvinnefrigjering og likestilling er ein kamp for fridom og rettferd. SV sitt mål er eit samfunn der kjønn ikkje skal avgrense folk sin fridom og mogelegeheiter. Kvinner vert ofte undertrykt politisk, sosialt og økonomisk, SV er eit feministisk parti og vil gjere noko med det.

Vald og overgrep er blant dei mest ekstreme utslaga av det skeive maktforholdet mellom kjønna. Sunnfjord SV ynskjer å sikre beredskap gjennom døgnopne krisesenter og kommunale handlingsplanar mot vald og overgrep i nære relasjoner for å sikre tryggleik for alle innbyggjarane.

Vi må styrke skulehelsetenesta og seksualundervisninga i skulen og fokusere på grensesetting. SV vil jobbe for opne og inkluderande lokalsamfunn.

SV meiner at alle skal ha fridom og tryggleik til å vere den ein er og elske den ein vil utan fare for å bli diskriminert eller trakassert. Sunnfjord SV vil kjempe mot all diskriminering av seksuelle orienteringar, kjønnsutrykk og kjønnsidentitetar. I eit likestilt samfunn kan alle ope leve ut sin identitet, kjærleik, seksualitet og sine kjønnsutrykk.

### **SV vil:**

- Sikre eit godt krisesentertilbod i regionen.
- Ha handlingsplanar mot vald og overgrep i nære relasjoner.
- Ha ein nullvisjon for seksuelle overgrep.
- Ha meir og god seksualundervisning til elevane i Sunnfjord skulen.
- Gje faste kommunale tilskot til NOK senteret slik at ein får sikra informasjonsarbeidet om temaet i barnehagar og skular.
- Jobbe for å styrke kjennskapen til og kompetansen på ulike seksuelle orienteringar og kjønnsutrykk hos helsepersonell, tilsette i barnehage og skule.
- Arbeide for at barn fødd i feil kropp skal sikrast eit godt offentleg tilbod.

## **Internasjonal solidaritet**

SV vil jobbe for at Sunnfjord kommune skal vere ein internasjonal kommune som i tett samarbeid med Norec, Førdefestivalen og UWC viser at vi set pris på mangfald og eit fleirkulturelt samfunn. SV vil foreslå at kommunen tek initiativ til og er med i eit utviklingsprosjekt i eit utviklingsland, saman med vidaregåande skular senteret for utvekslingssamarbeid, grunnskulane og barnehagane.

Kommunen må innfører eit innkjøpsreglement som forbyr innkjøp av varer frå okkuperte område. Kommunen må legge vekt på rettferdig handel, miljø og etikk i sine innkjøp.

## **Privatisering og profitt**

Det er i fellesskapets interesse at både helse, omsorg, barnehage, skule, reinhald og renovasjon vert utført fagleg og forsvarleg. Privatisering gjer at folkevalde mister kontroll og oversikt, samtidig som avgjerande samfunnsmiljø vert overlate til marknaden. Det er udemokratisk. Kommersielle aktørarar tar pengar frå fellesskapet fordi profitt ofte vert tatt ut på andre måtar enn gjennom overskot (internfakturering og ulike selskapsmodellar). Då blir det mindre igjen til dei velferda er til for. Difor må tenester bli utført av det offentlege eller ideelle aktørar, ikkje kommersielle.

Velferd skal tene menneske, ikkje marknader. Derfor bør kommunale oppgåver gjerast i eigen regi. Sunnfjord SV seier nei til privatisering og konkurranseutsetting av velferdstenester. Vi seier ja til å ta tilbake oppgåver og tenester i offentleg regi. Sunnfjord SV ynskjer å sikre velferd utan profitt gjennom offentleg tilbod og ideelle aktørar. Vi meiner difor at kommunen skal satse på fleire kommunale barnehagar. Vi ynskjer at kollektivtrafikk skal drivast i fylkeskommunal regi og at all renovasjon skal drivast av interkommunalt selskap.

## **Næringsliv og samferdsel**

Sunnfjord SV vil styrke Førde som regionsenter mellom Bergen og Ålesund. Sunnfjord kommune skal vere ein kommune som legg til rette for gründer- og inkubatorverksemd. Vi ser på Peak Sunnfjord som eit førebilete på korleis små og mindre arbeidsplassar kan samlast i moderne kontorfellesskap. Sunnfjord SV ynskjer at same modell skal kunne nyttast i dei gamle kommunesentera. Dette vil gjere det lettare å bu og arbeide der ein vil sjølve. Koronaepidemien har vist oss at mykje digitalt arbeid kan gjerast kor som helst frå i landet.

Sunnfjord er vertskommune for Høgskulen i Vestland. Sunnfjord SV ynskjer å legge til rette for at kommunen vår skal vere ein inkluderande studentby, der ting skjer både på dagtid, og på kveldstid. Vi trur at ein spennande «kveldsøkonomi» gjer kommunen vår meir attraktivt å bu i.

Sunnfjord SV ynskjer å styrke eksisterande- og utvikle ny næringsverksemd, samt bygge gode lokalsamfunn i bygd og by. For å få til dette meiner vi at samarbeidet mellom kommunen og bedriftene i kommunen, Innovasjon Norge, kompetansemiljøa i kommunen og Distriktsenteret/Merkurprogrammet, må styrkast. SV ynskjer å styrke den næringspolitiske satsinga, og vurderer om Sunnfjord Utvikling er den beste måten å utvikle næringslivet i Sunnfjord på.

Sunnfjord er ein av dei største landbrukskommunane i landet. Målet til Sunnfjord SV er at vi opprettheld matproduksjonen i området samstundes som vi vil vidareutvikle næringa som eit meir naturvenleg landbruk.

Norge må dei neste tiåra vri næring og verdiskaping vekk frå det som skaper utslepp og over til det som ikkje forureinar, bygger på fornybare kjelder og sikrar naturmangfaldet. Dette er den største utfordringa verda står overfor, og krev handling globalt og lokalt. Sjølv om utfordringa Norge står overfor er stor er det samstundes mogleg å klare det. Vi har naturressursar, eit rikt hav, store skogar, masse energi og kompetente arbeidarar. Nøkkelen er å omstille Norge frå å vere ein råvareleverandør av rikdommane i havet og på land, til å bruke ressursane og kompetansen til å bygge norsk næring og industri.

SV vil difor satse på næringar som ikkje medverkar til utslepp, som bygger på fornybare kjelder, og som gjev størst ringverknader lokalt. Vi vil særskilt legge til rette for at den verdsleiande kompetansen og teknologien som har vorte bygd opp i petroleumsnæringa vert overført og teken i bruk i andre næringar.

Når det gjeld samferdsel ynskjer vi i Sunnfjord SV å arbeide for å få ras-sikker veg mellom Naustdal og Førde og legge RV5 og E-39 utanom Førde sentrum.

Vi jobbar for å få ein gjennomgang og rulleringa av Førdepakken for å få redusert biltrafikk i Førde sentrum. Sunnfjord SV ynskjer gode byrom med plass til gåande, syklande og bilstar. Det skal vere lett å komme seg kjapt inn og ut av Førde sentrum, men Sunnfjord SV ynskjer primært ikkje bilbru ved Førdehuset. Vi ynskjer ei gang- og sykkelbru for lett bruk av idrettsarenaene på begge sider av elva.

SV ynskjer å prioritere gode riks -og fylkesvegar med gul midstripe og seier nei til dei gigantiske bru og tunnelprosjekta frå Bergen og nordover på E-39. SV ynskjer ei satsing på kollektivtilbodet med billeg eller gratis buss for ungdom også på kveldstid. SV ynskjer skikkeleg breiband og full mobildekning i alle delar av kommunen.

## **SV vil**

- Stille krav om anstendige arbeidsvilkår i offentlege innkjøp.
- Satse på miljø og innovasjon i offentlege innkjøp.
- Stimulere til satsing på berekraftige etableringar i høve til natur og miljø.
- Gjere det mogeleg for gründerar å låne kommunale næringslokale i oppstartfasen.
- Digitalisere søknads-og sakshandsamingssistema.
- Medverke til gode vilkår for reiselivs- og servicenæringa med satsing på museum, konsertopplevingar og etablerte turistattraksjonar.
- At kommunen er tidleg ute med å prøve ut ny teknologi i samarbeid med forskingsmiljø.
- At offentlege innkjøp skal organiserast slik at lokale produsentar og leverandørar kan delta i konkurransen.
- Samarbeide aktivt med Distriktsenteret/Merkurprogrammet med tanke på å styrke nærbutikkane i småbygdene.
- Stimulere til etablering av verksemder som satsar på omattbruk, resirkulering og reparasjonar